



Deloitte AS  
Damsgårdsveien 135  
5162 BERGEN

Dato: 11.10.2016  
Vår ref.: 2014/10505-13  
Dykkar ref.:

## Referanse

Deloitte AS har bede Hordaland fylkeskommune sitt sekretariat for kontrollutvalet om å vera referanse. Det er knytt til ein konkurranse om revisjonstenester, der ma. følgjande er teke med:

*«Tilbydar må dokumentere at dei kan levere forvaltningsrevisjonar til rett tid gjennom uttaler frå andre kundar»*

### Vårt sekretariat

Me er for tida sekretariat for:

- Hordaland fylkeskommune sitt kontrollutval
- 15 kommunale kontrollutval i Hordaland.

Deloitte AS er no revisor for:

- Hordaland fylkeskommune
- 10 av dei kommunane me er sekretariat for.

### Levering av forvaltningsrevisjonar.

Deloitte leverer i det alt vesentlege forvaltningsrevisjonar til rett tid i «våre kommunar»

Dersom ein forvaltningsevisjon likevel skulle bli litt forseinka, er det vår oppfatning at det som oftast skuldast:

- at kommunen har brukt lenger tid enn føreset på å finna fram naudsynte dokument i sitt eige arkiv, eller
- at kommunen har brukt vel lang tid på å gje høyringsuttale.

Deloitte har då brukt å vera ryddig med å varsle kontrollutval og / eller sekretariat undervegs.

### Kontakt mellom sekretariat og revisor.

Sekretariat og revisor har fleire kontaktpunkt gjennom året, som:

- Årleg kontaktmøte på nyåret
- Milepelsrapportering om forvaltningsrevisjonsprosjekt undervegs
- Låg terskel for å kunna ta kontakt med kvarandre.

Dette bidrar til god dialog og god framdrift.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.*